



Sabima kartleggingsnotat 5, 2021

## Generell kartlegging Lauvås-Presteseterområdet nord i Larvik 3. og 8. juli 2021

Av Dagny Mandt



Myrblåvinge



## Generell kartlegging Lauvås-Presteseterområdet nord i Larvik 3 og 8 juli 2021

Emneord: Generell kartlegging, Lauvås, Holtevannet, Nerli, skogstarr, Høy myrrås

Dette området hadde svært få registreringar i artskart frå før og vart sett på som eit lagleg mål for artskartlegging. Oppslutninga var likevel liten og forfattar gjekk to rundar aleine i området dei 2 dagane. Sidan kroppen var lite samarbeidsvillig den siste dagen vart den runden kortare enn tenkt.

Med begrensa kunnskap om dei fleste gruppene utanom karplanter er bare litt av mangfoldet dekt. Ved hjelp av litteratur og spørsmål på Facebook, Spør en biolog og med hjelp av Per Marstad til nokre sopp kom eg i mål med nokre av artane eg avbilda, men det står att ein del endå.

### Rundtur frå Lauvås parkering mot Holtevann 3. juli.

Fyrste dag gjekk gjennom ulike terrenge - som barskog avløyst av myrdrag med furu, små sumpskogsområde, grøfta myrar, grasmyrar, torvmosemyr, hengemyr, bergknauvar, litt svaberg, vasskantar og vegkantar. I myrane var det mykje orkidear og aller mest av bleikmarihand. Nokre få småtveblad og korallrot viste seg og. Ved vatna heldt det seg libeller og nymfer og der fekk eg hjelp av Finn Mosti på Spør en biolog til eit par stykker.

Antall sikre artar totalt er ført opp i tabell 1 og alt er lagt inn i artsobservasjoner.no under prosjekt «Kartleggingsmidler Sabima».



Foto: Dagny Mandt

Småtveblad



Foto: Dagny Mandt

Tabell 1

Karplanter	110
Moser	1
Lav	6
Sopp	11
Alger	1
Virvellause dyr	4
Fugler	4
<u>Amfibier og rept.</u>	<u>2</u>
I alt	139

Rødvannnymfe



## Rundtur frå parkering ved Nerli, mot Setra og så retning Høymyrås 8. juli.

Denne dagen starta med transportetappe langs vegen mot Setra med nyare granplantefelt på både sider for å koma til den eldre granskogen som kanskje hadde noko interessant vegetasjon. Langs vegen viste ein hoggorm seg fint fram der den sola seg og i grøftekantane vart det notera fleire starrartar, gras og andre blomeplanter og oppslag av lauvtre. Den gamle granskogen som står oppover lia er veldig einsformig i starten, men i ei glenne ut mot plantefeltet stod skogstarr og einaste registreringa i Larvik frå før er på Agnes sponplatefabrikk i Stavern. Der stod også sanikel i nærheten. Vidare oppover veksla det mellom myr/sump, granplantefelt av ulik alder og så litt eldre barskog med ein god del bjørk. Returnen gjekk langs grusveg tilbake til parkering. Siste del av vegen går langs eit lite, gammalt hyttefelt der hagelupinen har etablert seg eit lite stykke.

Tabell 2 viser totalt antal sikre artar og alt er registrera på artsobservasjoner.no under prosjekt «Kartleggingsmidler Sabima»

Tabell 2

Karplanter	85
Moser	1
Sopp	7
Virvellause dyr	1
<u>Reptiler</u>	. 1
I alt	95



Skogstarr